

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

80. ÅRG. / NR. 3 - 2025

Nynorsk
Salmebok
100 år
Side 13



**Møt
vikarpresten**

Side 4

**Besøk frå
Sør-Sudan**

Side 7

Vegensidene
Side 8-11

www.kyrkja.no/vaksdal



DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam
Tlf 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Fredrik Hope Sjukemeldt

Vikarprest Roar Strømme Ut året

Mobil: 97 03 77 37 / E-post: rs466@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Kantor Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeistar Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe

Tlf 56 59 39 20 / E-post: mk729@kyrkja.no

Samtale med presten?

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon

om gudstenester mm finn du på
kyrkja.no/vaksdal og skjerikyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sørdalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Gruvevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nummer må vera kome inn til 5. november.

Bilete på framsida: Dåpsfølge i Eksingedalen i Grennahuset Ljosheim. Foto: Magnar Nese

Å ta val - også etter valet

Når du les dette, er stortingsvalet avslutta. Stemmer er talt og mandat fordelt. Tilliten som folk har vist ved stemmeurna må omsetjast i konkret politikk, og både dei som styrer og dei som sit i opposisjon skal stå til ansvar.

Å ta val handlar om ansvar. Å møte fram på valldagen er viktig, men det er berre eitt av mange ansvarlege val vi kan gjere. Dei folkevalde må no prioritere, inngå kompromiss og vise at løfter får følgje i budsjett, lovendringar og i folk sine kvardagsliv.

Demokratiet kviler på meir enn retorikk. Forhandlingar må til for å få styring, og kompromiss kan kjennast smerteleg — særlig når prioriteringar rammar viktige område som skule, helse og klima.

Like viktig er dei personlege kvardagsvala. Politisk endring byggjer ikkje berre på stortingsvedtak, men på millionar av små avgjerder: korleis vi reiser til arbeid, kva vi kjøper, om vi vel å delta i frivillig arbeid eller engasjera oss på andre måtar i lokalmiljøet. Kollektiv handling blir til av dei individuelle handlingane kvar og ein av oss gjer. Dei vala som du og eg tar kvar dag er med på å forma oss og samfunnet, vonleg til det betre.

**Bjart-Magnus N. Rosvold,
Kyrkjeverje i Vaksdal**

*Sokneprest Fredrik Hope er sjukemeldt, og vert vekke ut året.
Roar Strømme er vikar for han i denne tida.*

Fellesrådsleiar:

Elisabeth Verpelstad, tlf 40 89 53 24 /
e-post: elisabeth.verpelstad@icloud.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen:	Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf 97 79 19 43
Dale:	Eli Leiren, tlf 99 32 53 53
Eksingedalen:	Kari Brørvik, tlf 99 48 59 18
Nesheim:	Gøril Kvinge Nesheim, tlf 93 05 46 36
Stamnes:	Bjørn Stamnesfet, tlf 41 41 33 51
Vaksdal:	Tove Margrete Nordmark, tlf 99 64 23 17

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: RKGrafisk, tlf 99 21 42 00

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal



Dei usynlege



Det vert fortalt om ein av dei store, italienske dirigentane at han skulle leie framføringa av eit verk av Bach. I dette var det ei lutt-stemme. Lutt er eit stillfarande instrument. På orkesterprøven drukna såleis lyden av lutten i bruset frå dei mange strykeinstrumenta. Då prøven var over såg dirigenten på lutt-spelaren og sa: «Eg såg du spela og høyrdet ikkje. Men Gud og Bach høyrdet det nok.»

Det er mange slike «lutt-spelarar» i kyrkjelydane våre. Menneske som ikkje er så høyrege og gjerne heller ikkje så synlege. Men som likevel gjer ei umisseleg teneste for Gud og medmenneske. Mange av desse har heimen og nærmiljøet som arena. Eg vart jamleg minna om det i sorgjesamtalar, når eg høyrer om korleis personar i familien eller grannelaget har stilt opp for andre som trengde ei hjelpende hand eller at nokon såg til ein. Ofte har dette strekt seg over lang tid og utan å få noko merksemrd. Slik høyrer eg om ein stillfarande truskap som minner om salmestrofa: «Eg har ei teneste stor for Gud, frå dag til dag i det stille.»

Annleis er det ikkje i kyrkjelydsarbeidet. Nokre av oss som står i dette er høgst synlege og høyrege, og får gjerne mykje merksemrd. Andre gjer ei teneste i

det stille, som er minst like viktig, men som få legg merke til.

Paulus skriv om dette i 1. Kor. 12, der han sammenliknar kyrkja med ein kropp. Her er nokre lemer er meir synlege og får meir merksemrd enn andre. Men alle lemane er like viktige for at kroppen skal fungere. Slik skuldar vi å gje også dei lite synlege og høyrege takk og ære, - ikkje minst dei som gjer ei teneste med truskap over så lang tid at vi nærast tar dei for gitt.

Ikkje sjeldan finn ein desse på kjøkkenet. Vi ser dei knapt, men gjennom tenesta si skaper ei gode møteplassar og fellesskap, som vi treng i både kyrkje og samfunn. Ei slik «kjøkken-teneste» er på mange måtar også tenesta i sokneråda våre. Dei som er innvalde der tek på seg eit viktig verv i heile fire år. Mange veit knapt nok kven dei er. Men dei gjer ei umisseleg teneste, som vi er heilt avhengige av i kyrkjelyden. Så gjev gjerne soknerådsmedlemane, og dei andre i dei heller usynlege tenestene, eit takkens ord for det dei gjer for Gud og medmenneske!

*Helsing
Roar Strømme,
vikarprest*

Min salme

Som min salme har eg valt ut **nr 243 i Salmeboka: Gud skapte lyset og livet og meg.**

Dette er ein ganske ny salme, skriven av Vidar Kristensen i 2003.

Den er som ei truvedkjenning på den måten at den i nokre få salmestrofar, greier å samla alt det mest sentrale i den kristne trua, samstundes som den formidlar dette i eg-form.

Første verset er om Gud som Skaparen, andreverset om Jesus som Frelsaren,
og tredje verset om fellesskapet i kyrkja og Den Heilage Ande.

Det er ein tillitsfull og trygg stemning som pregar salmen, og refrenget gjev godt høve til å syngja ut gleda i trua. Slik sett høver salmen godt i trusopplæringa, men er absolutt ein salme som er lett å læra og høver for alle aldrar.

Melodien er skriven av Per Aamot Tveit, ein musikar og melodiskapar som har gjeve oss mange flotte tonar, men som døydde så alt for tidleg. Tekst og melodi høver godt til einannan. For dei som ikkje kjenner til salmen, -eller til andre salmar for den del, er dei å finna på nettet frå Nrk-programmet Salmeboka minutt for munutt, det er berre å «googla» i veg!

Der er det mykje fint å henta!

Helsing Eidrun Straume Normann

Gud skapte lyset og livet og meg

Norsk Salmebok nr. 243 T: Vidar Kristensen 2003 M: Per Aamodt Tveit 2003

Gud skapte lyset og livet og meg,
og himlen med stjerner og jorda med fjell.
Han vil meg det beste, han kjenner min veg
kvar natt og kvar morgen, kvar dag og kvar kveld.

Omkved:

Eg trur på Gud Fader, eg trur på Guds Son,
eg trur på Den heilage ande.
Så heilag, allmektig, så god imot meg,
treeinige Gud, eg vil lovsynga deg.

Kongen frå himlen vart født som min bror,
han trøysta dei svake, var ven med dei små.
Han lærte meg sanning, han gav meg sitt ord.
Han vann over døden og er hos meg.no.

Omkved

Her er mi kyrkje, her høyrer eg med.
Her møter eg andre som trur på Guds Son.
Den heilage ande gjev tryggleik og fred,
me svarar med tillit og lovsong og bøn.

Omkved

Eidrun utfordrar Marit Merete Lunde til å skrive om sin salme i neste nummer.



Din støtte redder liv

Bli fast giver! Gi ett menneske rent vann livet ut – hver måned. Send SMS med kodeord **LIV** til **2426** (300,-/md.)



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

www.kirkensnodynghjelp.no



VIKARPREST: Roar Strømme har vore vikarprest i Fredrik Hope sitt sjukefråver.

- Det er kyrkjelydsprest eg er

Frå juli av har Roar Strømme vore vikarprest hos oss, i Fredrik Hope sitt sjukefråver. Førebelser er planen at han skal vere ut september, men vikariatet kan bli forlenga. Roar er engasjement i 75% stilling, og han lånar Fredrik sitt kontor på Kyrkjekontoret.

Roar fyller 73 år i haust, bur på Os saman med kona si, og har tre born og fem barnebarn.

- Det var i Sykkylven på Sunnmøre eg vaks opp. Etter gymnas i Ålesund hadde eg eit år på folkehøgskule i Stavanger. Kontakten med kyrkjelivet og prestar der vekte interessa for teologi. Slik vart det teologi-studier på Menighetsfakultetet i Oslo.

I løpet av studietida hadde han og eit studieopphald i USA; i Minnesota og i staten Washington.

- Møtet med kyrkja i Amerika skapa eit engasjement hos meg som eg har teke med meg vidare. Dei la vekt på at gudstenesta er feiring - «celebration» - der me kvar søndag feirar Jesu oppstode. Ho er ikkje berre «preik»! Det er eit flott perspektiv å ha på gudstene-fearinga, som har gjeve meg mykje kveik og glede i tenesta.

Etter studia har Roar arbeidd som prest i Lærdal, Os, Fusa og Kvam. Utanom sjølve prestetenesta var Roar i ti år med i Bjørgvin bispedømeråd som såkalla geistleg representant. Han var såleis og med når Kyrkjemøtet var samla i den perioden. Roar har elles vore leiar for Presteforeningen i Bjørgvin i seks år. Presteforeningen - som no heiter Spir og inkluderer kateketane og diakonane - var fag forbundet for dei fleste prestane i Noreg.

- Men det er kyrkjelydsprest eg er, understrekar Roar. - Eg ynskjer å vere med på å fremje tru, tilbeding og teneste i kyrkjelyden. Målet mitt er at folk opplever at i kyrkjelydane er det «mykje himmel og mykje jord». Slik at me kan komme her som heile menneske, bli tatt imot med alt som vi er og har, og ved Guds nåde verte vende mot Gud og medmenneske. Det treng me!

I si tid var Roar og med på å starte opp kyrkja i Bjørgvin sitt arbeid for utviklingshemma, og har vore engasjert i dette arbeidet sidan, både lokalt og på bispedømeplan.

- Det var eit arbeid som vart særleg nært og aktuelt då me fekk ein gut med Downs syndrom. Me er framleis mykje saman, og han er gjerne med meg til gudsteneste. Fellesskapet med han har i det heile forma mykje av trua og livet mitt.

Lokalt var Roar med å starte opp søndagssamlingar på Os for menneske med utviklingshemma, og seinare Kyrkjeklubben i Kvam for den same målgruppa.

- Her opplever me at å vere kristen handlar meir om relasjonar og fellesskap enn om noko intellektuelt. Det er ei gáve anten me er utrusta slik eller slik.

- Eg er såleis svært takksam for å ha fått del i dette. Skulle

vere aktuelt å starte eit liknande tilbod her i Vaksdal, kan eg gjerne vere med å bidra.

Som tidlegare sokneprest i Jon Fosse si barndomsbygd, Strandebarm, har han vore oppteken av diktinga til Nobelpris-vinnaren. Dei siste åra har han såleis gjesta kyrkjelydar og mållag med føredrag om spor av tru og mystikk i Fosse sin tekstar. Kanskje kan det verte råd med noko slikt i Vaksdal og.

- Korleis møtet med Vaksdal har vore?

- Så langt har tenesta her minna meg om tida mi i Lærdal. Det er tilbake til tenesta som «bygde-prest», med lange avstandar og nære møte med einskildmenneske og stadeigne forsamlingar, som har tatt vel imot meg.

Tekst: Frode Kvamsøe

Utstilling i Grendahuset Ljosheim: Dåpsfølgje i Eksingedalen

Ei utstilling av eit dåpsfølgje i autentisk innramming og ei samling av dåpskjolar og dåpshuer frå Eksingedalen.

Eldste dåpskjolen er frå 1888, og fleire av kjolane er over 100 år gamle. Dåpshuer i ulike aldrar og stil følger med.

Innsamlinga og utstillinga er i regi av Eksingedalen Kvinne- og familielag. Utstillinga er open ved alle arrangement i Ljosheim i september, og kan opnast etter avtale.

Tysdag 30.september inviterer Kvinne- og familielaget til strikkekveld med høve til både å sjå og høyra om utstillinga.



DÅPSFØLGJE: Frå utstillinga på Ljosheim.

Foto: Magnar Nese

Kyrkjebøker i Vaksdal


Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år. 111 sider

NY PRIS kr 150,-

Vil du ha ei bok eller fleire?

Kontakt Kyrkjekontoret.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje
50 år. 220 sider. **NY PRIS kr 100,-**

Vil du ha ei bok eller fleire?

Kontakt Kyrkjekontoret.




Kyrkjestaden Dale

(1996) 100 år, 104 sider

Kr 50,-

Vil du ha ei bok eller fleire?

Kontakt Kyrkjekontoret.



Soga om Stamneskyrkja (1986)

229 sider **Kr 50,-**


Jubileumshefte for

Stamnes kyrkje

Kr 100,- (Perioden 1986-2011)

Vil du ha ei bok eller fleire?

Kontakt Kyrkjekontoret.



Kilden



Inviterer til konsert
i Dale kyrkje
19. september kl. 19.00.

Vi syng også salmar
etter ønskje frå salen.

Gratis!

Besøk frå Sør-Sudan

Vaksdal sokn har gjennom fleire år støtta eit lite fredsprosjekt i Sør-Sudan.

Per Nordmark har lenge vore engasjert i dette arbeidet og no får vi besøk av han som står med ansvaret i det daglege: Eliah Lokii. Han kjem saman med styreleiar Biskop Emmanuel Lowi.

Vi kan by på ein kveld med fersk oppdatering om arbeidet i fredslandsbyen Kuron og høve til å bli litt kjende med desse to. Dei kan fortelja både om fredslandsbyen men også om landet sitt. Sør Sudan er den yngste staten i verda og folket



FREDS-PROSJEKT: Elia Lokii og førskulen


der lever under heilt andre vilkår enn det vi er vande med.

- **Vaksdal kyrkje fredag 26. september kl. 18.30**
- Eit enkelt kveldsmåltid
- Gratis inngang
- Det vert omsetjing mellom engelsk og norsk

Arr: Vaksdal sokneråd



Biskop Emmanuel Lowi.




i Dale kyrkje torsdag 30. oktober kl. 19.00
«Mysteriet i trua»
 i tekstar av
JON FOSSE
 ved vikarprest Roar Strømme

Foto: Agnete Brun

Nesheim kyrkje fredag 7. november kl. 19.00 **Konsert og føredrag**

I år vert det ein vri på den årlege konserten til inntekt for Kely Mandresy-skulen på Madagascar. Det vert konsert med den profesjonelle songaren **Rhoda Ondeng Wilhelmsen** frå Kenya og føredrag med **Ingvar Wilhelmsen**.



Ingvard Wilhelmsen er kjend som ein av Noreg sine beste føredragshaldarar. Han er professor emeritus ved Universitetet i Bergen, og spesialist i psykiatri og indremedisin. Han har i mange år drive hypokonderklinikken i Bergen, og held humoristiske og nyttige føredrag om korleis handtere ymse uvisse i livet - og om å bli sjef i eige liv.

Etter konserten blir det kafé og sal av moltesylte - om me finn molter i år :-) Billettpris kr 400/100.

Les meir om arrangementet på www.eksingedalen.no



på Vegen

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Vegen i Vaksdal på Facebook!

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

Alltid kjekt å vera i gong igjen med baby- og småbornssong, og treffa gode små og store! Me har allereie rukke å hatt samlingar både på Dale og Vaksdal, med fine gjengar babyar og foreldre. Me gjer stort sett det same kvar gong, noko som gjev tryggleik og forutsigbarheit til alle. Og så slepp Kristin å «finna opp kruttet» kvar gong, det er ganske fint det òg! Etter songstunda har me god tid til å prata og leika, og kosar oss saman.

BABYSONG: Kristin likar seg best på golvet, nett som babyane!



Knøttesong på Dale og Vaksdal

Onsdagsettermiddagane er òg fine avbrekk der borna som ikkje er heime på dagtid lenger kan møtast og syngja og leika ilag, og foreldra òg får seg ein prat og ein kaffi etter songen. Både på Vaksdal og Dale har det vore gode gjengar innom, med 5-10 born og nesten like mange foreldre kvar gong. Me har ein pose med dyr som me trekkjer opp og syng ein song for kvar dyr, til dømes syng me «Bæ bæ lille lam» når lammet dukkar opp frå posen. Problemet kom då Kristin hadde kjøpt eit ekorn for at me skulle syngja «Nøtteliten», og gløymde å sjekka om ho faktisk huska den igjen før den dukka opp frå posen... Litt øving er visst lurt av og til!

KNØTTESONG: Etter Knøttesong har me ofte ei lita matstund med frukt og niste.



Generasjonssong på Dale

Ein tysdag i september starta me opp igjen med Generasjonssong på Daletunet. Fem fine babyar fekk lytta og røra på seg til kjekke songar, akkompagnert av Gro på piano. Ein god gjeng eldre fylgde med og song med når dei kunne songane. Det er kjekt at me får dette til på Dale. Sjølv om mange eldre har flytta til Vaksdal, er det òg fleire igjen, som blant anna brukar dagsenteret på Daletunet.



GENERASJONSSONG:
Nora kosar seg på fanget til oldemor Nelly etter songstunda.

To ungdommar på Vegkryss

Siste helga i august reiste to jenter frå Dale, Johanna og Sophia, til ungdomskonferansen Vegkryss i Bergen. Der var mange ungdommar frå heile regionen samla, og hadde ulike aktivitetar og workshops ilag. Johanna fortel at dei åt pizza saman og blei kjent med nokre av ungdommane allereie fredag, før det var fullt opplegg på laurdag, med ulike aktivitetar. Dei budde på hotell Admiral, og opplegget var der og i Nykirken. Eit kjekt opplegg seier Johanna, og det einaste ho sakna var litt fleire matpausar, det gjekk litt i eitt av og til. Men absolutt noko dei har lyst til å vere med på fleire gongar!

VEGKRYSS: Johanna Bjørkheim Haugsvær.



KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

Onsdagar frå september

0-2 år

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust er det baby- og småbornssong vekselvis på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker) på **onsdagar kl. 11.30-13.30**. Me starta opp onsdag 20. august i Vaksdal kyrkjefyrst, og heldt fram med samling i Dale bedehus onsdagen etterpå. Slik vil det rullera ut november, med unntak av pause i haustferieveka. Sjølve songstunda byrjar ca. kl. 12.00, og før og etter er det prat, mat og leik. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Normann.



Onsdagar frå 30. august

1-5 år

Knøttesong på Dale og Vaksdal

Knøttesong for born 1-5 år vert òg annankvar onsdag på Dale (oddetalsveker) og Vaksdal (partalsveker), **kl. 17.00-18.00**. Me syng og leikar, og et litt etterpå. Me har drikke og frukt, ta gjerne med niste om de ynskjer å eta kvelds ilag! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Normann.

Onsdagar frå 30. august

5.-7. trinn

Etter skuletid på Dale og Vaksdal

Etter skuletid er samlingar rett etter at skulen er ferdig, 14-15, for borna på mellomtrinnet. Me tenkjer det mest som ein uformell møtestad etter skuletid, der borna får enkel varmmat (oftast pølse i brød) og kan spela spel eller gjera ulike hobbyaktivitetar viss dei vil. Som fleire andre samlingar vert det vekselvis i Dale bedehus (oddetalsveker) og Vaksdal kyrkje (partalsveker).

Torsdagar frå 11. september

4+

Barnekor på Stamnes

Det er òg barnekor på Stamnes som tidlegare. Dei brukar å ha korøving i Stamnes bedehus **torsdagane kl. 17.00-18.00**, og startar opp 11 .september. På koret lærer me nye songar, og har fleire songar me syng kvar gong, me får vera med på ein andakt, og leikar til slutt, før det er kvart sitt glas med saft! Interesserte kan vera med i facebook-gruppa «Stamnes Barnekor» for å få oppdatert info.



13. september, 11. oktober, 15. november

1-5 år

Knøttesong på Stamnes

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-4 år på Stamnes. På Stamnes samlast me i bedehuskjellaren mellom **kl. 10.00 og 12.00 ein torsdag i månaden**, desse datoane: **5. september, 3. oktober, 14. november og 5. desember**. Fyrst er det songsamling, deretter er det ein lett lunsj, me har varm drikke, ta gjerne med niste 😊

Frå 13. september

Generasjonssong på Vaksdal og Dale

I samarbeid med Vaksdal frivilligsentral arrangerer me Generasjonssong på Dale-tunet nokre tysdsagar i haust, og på Jamnetunet ein fredag i månaden. Her inviterer me dei yngste (ca 0-2 år) og eldste i kommunen til å koma saman til ei sanserik samling med tradisjonelle og nyare songar. **Neste dato er 13. september kl. 11.00-12.00 på Vaksdal, der me òg har samling 10. oktober, 7. november og 5. desember. På Dale har me allereie vore ein gong, og kjem tilbake 28. oktober og 5. desember kl. 11.00-12.00 der òg.** Samlingane er i same etasje som hovudinngangen begge stadar. Frivilligsentralen er med med lett servering (vaflar e.l.)

16. november

10 år

Utdeling av Nytestamentet på Stamnes, Vaksdal og Eksingedalen

Tiåringane på Stamnes og Vaksdal skal som vanleg få Nytestamentet i haust. På Vaksdal skjer det på gudstenesta den 16. november kl. 11.00, og på Stamnes vert tiåringane invitert til å få bøkene under gudstenesta 16. november kl. 16.00. På Dale vert Nytestamentet delt ut etter jul.




Frå 28. september

4 år

Samlingar og utdeling av bok

Fireåringane vert inviterte til to ting i haust. Både ei gudsteneste der dei får fireårsboka, og så til ei samling der me syng litt og lagar kvar sin julekalender. Datoane for samlingane er ikkje bestemt enno, men gudstenestene med utdeling av boka vert 28. september i Eksingedalen, 9. november på Dale og 16. november på Vaksdal og Stamnes.



Dataar kjem

1.-4. trinn

Barnekor på Dale og Vaksdal

Me ynskjer å starta barnekor på Dale og Vaksdal, men jobbar med å finna tidspunkt som passar. Mesender ut invitasjon når me har dataar klare!



Konfirmantåret er i gong!

Endeleg er konfirmantåret i gong, for desom skal konfirmera seg i mai neste år. Me har starta med presentasjon av konfirmantane på gudstenester på Stamnes, Dale og Vaksdal. Det neste på programmet er langlaurdag 20. september. Deretter byrjar me med mindre grupper tysdagar rett etter skuletid. Dei som ynskjer får eit måltid først, og så reflekterer me rundt tru og tvil og ulike tema. I november vert det nattcup i Vestlandshallen, der lag frå kommunen har vunne fleire gongar før. Er det mogleg i år òg? Det blir spennande!



VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndagar kl. 11.00

Datoar: 28. september, 19. oktober, 2. november, 23. november

Søndagsskule i kjellaren kl. 11.30 dei same dagane.

Føremiddagstreff torsdagar kl. 11.30

Med andakt, song og musikk, matpause m.m.

Kollekt til Vaksdal Indremisjon. Alle er velkomne!

Torsdag 18. september:

Gjestar er Reidun Skurtveit, Bjørg Stormark, Torhild Stav Skare, Karl Magnus Valle.

Torsdag 23. oktober:

Besøk av Nils Arne Lavik som fortel og viser bilete frå si store samling. Kort andakt.

Torsdag 20. november:

Gjest er Audun Myksvoll som har andakt, og har med si nye andaktsbok.

Bibeltimar ved Odd Sverre Hove

Torsdag 23. oktober kl. 19.00

Torsdag 6. november kl 19.00

Bønesamling kvar måndag kl. 19.00.

Bibeltimar annan kvar torsdag kl. 19.30

i oddetalsvekene.

Søndag 21. september kl. 11.00:

Møte i samband med Indremisjonsforbundet si generalforsamlinga på Sotra den helga.

DALE BEDEHUS

Møter onsdagar kl. 19.00:

17. september: Tale ved Reidun Skurtveit

15. oktober: Tale ved Odd Sverre Hove

5. november: Tale ved Christian Skoge

Basar

Laurdag 25. oktober frå kl. 12.00

Andakt ved Lars Arne Markhus.

Søndag for dei forfylgde

Søndag 9. november kl. 19.00

Bibelhelg

Laurdag 22. og søndag 23. november kl. 18.00
ved Ole Corneliusen.

Eidsland kapell

Stamnes og Eidsland sokneråd

vil med dette takka hjarteleg alle som bidrog til ei mektig og flott markering av 100-årsjubileet til Eidsland kapell! Takk for dugnadsinnsats, rause gåver og offer, gode ord og helsingar til og om jubilanten, og takk til Grendalaget for godt samarbeid.

Stamnes og Eidsland sokneråd

RETTING

På side 7 i papirutgåva av førre kyrkjeblad står det at Arne Ness arbeidde med boka om møbelfabrikkane på Eidsland. Rett namn er sjølvsagt Kåre Ness.

JUBILEUMSBOKA

for Eidsland kapell er under arbeid, og kjem etter planen ut før jul. Det er framleis høve til å kome med stoff og innspel til skriftnemnda (979 52 085 / ovems57@gmail.com).

SØKNAD OM TILSKOT

Soknerådet sökte kommunen om ekstraløyving til kapellet i høve opprustinga av bygningen til jubileet. Innstillinga frå økonomisjefen i kommunen er å ikkje løyve ekstra midler, men når Kyrkjebladet går i trykken er ikkje såka handsama politisk.

Helsing Stamnes og Eidsland sokneråd

Vaksdal Musikklag
innbyd til
HAUSTKONSERT

i Vaksdal kyrkje
fredag 31. oktober kl. 19.00.
Gjest: Trine Duesund Straume



Nynorsk Salmebok 100 år

I 2025 er det hundre år sidan
Nynorsk salmebok vart gjeven ut.

Den nynorske salmeboka fekk svært mykje å seie for nynorsk som kyrkjemål og for nynorsken som samfunnsberande språk.

Nynorsk salmebok vart laga av biskop Bernt Støylen, sokneprest Anders Hovden og biskop Peter Hognestad og dei brukte fire år på arbeidet. Boka hadde 711 salmar på nynorsk og salmar på bokmål.

Salmene til Elias Blix var allereie

mykje brukt i kyrkjene. Målfolket hadde vona å få til ei felles salmebok, men når det ikkje vart tok Samlaget initiativ til å lage ei eiga nynorsk salmebok.

Boka vart ein skikkeleg suksess. Ho vart brukt i nynorskområde i bortimot 60 år, og på det meste i etterkrigstida, vart ho brukt av knapt ein tredjedel av kyrkje-sokna i Noreg.

Kjelde: Noregs Mållag

I Vaksdal vert jubileet markert i to gudstenester søndag 26. oktober:

Kl. 11.00 i Eidsland kapell
Kl. 18.00 i Vaksdal kyrkje

KONFIRMANTJUBILEUM

Stamnes: Laurdag 20. september kl. 18.00 i Stamnes bedehus. Fest for årets 50-og 51-års-konfirmantar (som møter i kyrkja kl. 17.00), for fjarårets konfirmantar, og for alle som elles vil koma.

Vaksdal: Søndag 5. oktober kl. 11.00. Gudsteneste for alle som vil koma, og fest i bedehuset for 50- og 60-årsjubilantane etterpå.

Dale: Dale kyrkje søndag 12. oktober kl. 11.00. Gudsteneste for alle som vil koma og fest i bedehuset for 50- og 60-årsjubilantane etterpå.

Saknar du innbyding?
Ta kontakt med soknerådet (Sjå info side 2).

SØNDAG FOR DEI FORFYLGDE 9. NOVEMBER

Søndag for dei forfylgte er en viktig global merkedag i kyrkjeåret. Denne dagen står kyrkje-lydar over hele verda saman i bøn for den forfylgte kyrkje. Menneske som blir forfylgte for sin tru bed om vår forbøn og støtte.

Dagen vert vanlegvis markert andre søndag i november, og me gjer det etter planen med ei fellessamling i Dale bedehus kl. 19.00.

Arrangementet er eit fellesarrangement mellom indremisjonane og kyrkjelydane i Vaksdal.

SPØTE-KAFÉ I STAMNES KYRKJE

Soknerådet innbyd til spøte-kafé i sakristiet kvar onsdag i **oddetalsvekene kl. 17.00**.

BASAR PÅ STAMNES

Stamnes bedehus har sin årlege basar **torsdag 6. november**.



Måndagskaffi
i konfirmantrommet
i Vaksdal kyrkje.

Kvar måndag
er kaffien klar
kl. 12.00.

Vel møtt!

Vaksdal sokneråd



Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



Din lokale rørlegger i Vaksdal

95 97 17 00



DALETEC

Sæterdal Elektro

**Me leverer alt innan
elektrikartenester.**
Tlf. 565943 00



Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



Alt innan tømrararbeid



Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no
**Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus**
Sjå Idehus.no

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR



HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Brannvarsling
- Teleinstallasjonar
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
 - Levering av mat
 - Minnesamvære
- Tlf. 93 213 213**

Vaksdal Blomster og

BEGRAVELSESBYRÅ
- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70
WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO

LIVETS GANG



DØYPTE

Dale

- 06.07 Aria Sagen Johannessen (i Bergsdalen kyrkje)
- 10.08 Leana Seim-Helgesen
- 16.08 Malvin Madsen Solvang
- 31.08 Amunda Moe

Vaksdal

- 10.08 Ella Gullbrå Karlsen
- 07.09 Noah Boge Lindholm (i Dale kyrkje)
- 07.09 Sondre Åsen Oppedal (i Bergsdalen kyrkje)



VIGDE

Bergsdalen

- 06.09 Liv Mala og Terje Visnes

Stamnes

- 16.08 Mona-Irene Thorvaldsen
og Eric Andreas Wilhelmsen Straume



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

- | | | |
|-------|-----------------------|------|
| 25.06 | Katrin Brattebø-Mythe | 1988 |
| 06.07 | Trygve Vassdal | 1924 |
| 09.07 | Asbjørg Hesjedal | 1948 |
| 16.07 | Eva Wibeke Tvedt | 1941 |
| 14.08 | Vidar Johannessen | 1983 |

Eidsland

- 07.08 Åshild Eikefet Lien 1952

Vaksdal

- | | | |
|-------|-------------------------|------|
| 09.06 | Svanhild Åsta Indrebø | 1927 |
| 29.06 | Eldbjørg Blomdal | 1941 |
| 14.08 | Gunnar Andreas Amundsen | 1944 |

Stamnes

- 21.07 Reidun Leiren 1938

HEDER NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ Ditt lokale gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL ALTID HØR FOR deg

Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam

PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe boka her:
Petersens Handlere
Dale kyrkje
Kyrkjekontoret
www.zeth.no



TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 • soschat.no

KIRKEN SOS




Gjør reisen til utlandet tryggere



Last ned
Sjømannskirkens
nødnummer-app

Sjømannskirken



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 14. september – 14. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
Kyrkjekaffi.
EIDSLAND KAPELL kl. 17.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Laurdag 20. september

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Ung Messe med konfirmantane,
Normann og Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 21. september – 15. søndag i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste ved Kvamsøe. Dåp.
Nattverd. Kyrkjekaffi.
STAMNES KYRKJE kl. 17.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 28. september – 16. søndag i treeiningstida

EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 15.00. Vegen-gudsteneste. Normann
og Strømme. Utdeling av bok til 4- og 6-åringane og Nytestamente til
10-åringane. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 5. oktober - 17. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmant-
jubileum. Strømme. Dåp.

Søndag 12. oktober - 18. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmantjubileum.
Kvamsøe.

Laurdag 18. oktober

DALE KYRKJE kl. 13.00. Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 19. oktober - 19. søndag i treeiningstida

BERGDALEN KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste med
Hausttakkefest. Normann og Kvamsøe. Bønevandring. Nattverd.
Kyrkjekaffi.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Strømme. Nattverd.
Kyrkjekaffi.

Søndag 26. oktober - Bots- og bønedag

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Strømme.
Markering av Nynorsk Salmebok 100 år.
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
Markering av Nynorsk Salmebok 100 år.

Søndag 2. november - Helgemessesøndag

DALE KYRKJE kl. 16.00. Minnegudsteneste / Minnekonsert.
Kvamsøe. Dale Mannskor. For gravlagde og bisette i Bergsdalen,
Dale og Vaksdal sokn, men open for alle som vil koma.

Søndag 9. november - 22. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste. Kvamsøe. Utdeling
av bok til 4-åringane. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi.
EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Strømme.
Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 16. november - 23. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Vegen-gudsteneste. Normann og
Strømme. Utdeling av bok til 4-åringane og Nytestamente til
10-åringane. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi.
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Vegen-gudsteneste. Normann og
Strømme. Utdeling av bok til 4-åringane og Nytestamente til
10-åringane. Bønevandring med nattverd. Kyrkjekaffi.


Søndag 23. november - Domssøndag/Kristi kongedag

Ikkje gudstenester i Vaksdal.

Oppdaterte opplysningar om gudstenestene finn du her:

Annonsar i lokalavisa same veka, på plakatar, på kyrkja.no/vaksdal og på skjerikyrkja.no

Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.



Døype barnet - eller bli døypt sjølv?

Ver velkommen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde,
og kunne sende innbyding til dåp.

No får me ikkje lenger den informasjonen,
og kan difor ikkje sende innbyding direkte.



DEN NORSKE KIRKE
Kyrkjelydane i Vaksdal